

Handbok for Stord Symjing



Oppdatert av styret

Versjon : Stord, mars 2019

1.	Generelt om Handboka	3
2.	Styret sine oppgaver	4
	Leiar	4
	Nestleiar	4
	Kasserar	5
	Styremedlem A	5
	Styremedlem B	6
	Styremedlem C	6
	Styremedlem D	6
	Styremedlem E	7
	Utøvarrepresentant	7
	Varamedlemmer	7
	Valkomit�	8
3.	Trenarfunksjonar	9
	Hjelpetrenarar:	9
	Gruppetrenarar:	9
	Hovudtrenar med team:	10
	Instrukt�r:	10
	Hjelpeinstrukt�r:	10
4.	Reglar, forventningar og �tferd	11
	Trenarar	11
	Symjarar	11
	Foreldre	11
	Genrelle Spelereglar	12
	�tferd	12
	Slik utviklar me eit godt milj�	13
5.	Innmelding, utmelding og plikter	14
6.	Personverns reglar – GDPR	14
7.	Kontingentar	15
8.	Organisering av partia for Stord Symjing	16
	Kontaktinformasjon trenarar	16
9.	Oversikt over treningstider	17
	Oversikt over treningstider i Kulturhuset	17
	Oversikt over treningstider p� Nys�ter	17
10.	<i>Trenarforum</i>	17
11.	<i>Reise p� stemne</i>	17
	Premiss	17

12.	Lisens	18
13.	Forsikring	18
14.	Eigenandel og kva klubben dekkjer	19
	Lagleiarar/reiseleiarar	19
	Straffereaksjonar	20
15.	Terminliste for sesongen 2019/2020	21
16.	Livredningskurs	21
17.	Sosial årsplan	21
18.	Utstyr for Stord Symjing	21
19.	Dommarar i Stord Symjing	23
20.	Vedlegg	24
	Opptak skjema	24
	Utmeldingskjema	26

1. Generelt om Handboka

Denne handboka skal innehalda oppdaterte rutinebeskrivingar for ulike aktivitetar i Stord Symjing, og generell informasjon som gjeld for symjeklubben.

Denne blir utarbeidd etter liknande eksempel frå andre idrettslag i Norge.

Dette kompendiet vil såleis vera retningsgjevande for korleis utøvarar, trenarar, reiseleiarar og andre medverkande i symjeklubben skal gå fram i klubben sine aktivitetar.

Styret har ansvar for å utforma og oppdatere innhaldet i handboka.

2. Styret sine oppgåver

Informasjon om kven som innehar dei forskjellige rollene i styret finn du i organisasjonskartet.

Leiar

Vanja Storetvedt

vanjastoretvedt@hotmail.com TLF: 926 926 77

Leiar står for den daglege leiinga av klubben. Leiar godkjenner og anviser utbetalingar, leiar klubben sine forhandlingar og møter, dersom ikkje anna er fastsett.

Leiar skal sjå til at val, adresseforandringar og liknande som har interesse for krets eller forbund, blir meldt inn. Leiar må saman med kasserar, innanfor gjeldande fristar, senda inn oppgåve over klubben sine medlemmer til overordna instansar (symjeforbund, hovudlaget).

Leiar skal innanfor gjeldande fristar senda søknad om spesielle tilskot /støtte

Leiar held, saman med hovudtrenar, kontakt med Kulturhuset sitt personale og leiing.

Leiar er gruppas representant inn i Stord IL og deltar på gruppe leiar møter.

Leiar er som hovudregel styret sin representant i trenarmøte og held kontakt på ein slik måte at klubben til ei kvar tid har tilstrekkeleg med kvalifiserte trenarar og instruktørar.

Leiar organiserer årleg hjarte-lunge-redning og fører lister over dei som har gjennomført kurs.

Leiar har ansvaret for at trenarar og instruktørar har gjeldande politiattest.

Leiar er også dommarkontakt i klubben.

Nestleiar

Terese Blom Emanuelsson

terese_be@hotmail.com TLF: 938 71 618

Nestleiar skal fungera "ved sida av" leiar. Det vil seia at desse deler oppgåvene seg imellom. Nestleiar er saman med leiar kontakt til hovudlaget.

Nestleiar deltek ved behov på trenarmøte (dersom leiar ikkje kan møte).

Nestleiar har ansvaret for dugnadar og er kontaktperson for klubben på saker som gjeld svømmehallen.

Nestleiar organiserer badevaktordninga ifm dugnad for Kværner-bading.

Kasserar

Margareth Simonsen Råen

Margareth.raen@hfk.no

TLF: 990 21 332

Kasseraren pliktar å setja seg inn i dei til ein kvar tid gjeldande instruksar og bestemmelsar, og fører klubben sitt rekneskap i samsvar med desse. Kasseraren legg fram rekneskap for styret kvart kvartal.

Kasserar kontrollerer stemneavgifter/overnattingspengar ved vårt eige stemne.

Kasserar utfører utbetalingar/avgifter/betaling av faktura, i tvilstilfelle etter avtale med leiar. Kasserar har ansvar for innkrevjing av medlemskontingentar og treningsavgift i april og september/oktober.

Kasserer har ansvar for oppfølging av posttilgang, via postboksen. Kasserar skal saman med leiar gjennomgå rekneskapen og leggja dette fram for årsmøtet.

Styremedlem A

Espen Nylund

Espen.nylund@gmail.com

TLF: 975 52 002

Styremedlem A er ansvarleg for teknisk utstyr, inklusiv tidtakingsanlegg. Han køyrer primært dette under vårt eige stemne og internstemner. Utstyr skal primært lagrast i låsbart skap i hallen. Tek imot førespurnad frå symjarar og trenarar angående ønskje om utstyr og liknande.

Styremedlem A fører protokoll over alle styremøte, medlemsmøte, årsmøte, og ser til at referatet frå desse blir distribuert til styremedlemmer og andre sentrale personar snarast mogeleg etter møtet.

Styremedlem B

Marie Emilie Isdahl

misdahl@live.no

TLF: 916 32 164

Styremedlem B er vidare medansvarleg for organiseringa av Stord-stemnet. Er delaktig ved internstemner og med å organisera aktiviteter som basar og sommaravslutning.

Styremedlem B jobbar også, saman med leiar og varamedlem, med innhenting av sponsorar.

Styremedlem C

Leif Magne Malme

Leif-Magne.Malme@kvaerner.com

TLF: 454 11 324

Styremedlem C er ansvarleg for gjennomføring av Stord-stemnet. Styremedlem C har også ein oppmannfunksjon og er ansvarleg for organisering av reise til stemne/treningsleir og liknande. Dvs. laga informasjon og distribuere denne i forkant av stemner, køyrelister distribuerast til reiseleiar. Han er ansvarleg for å ordna det praktiske ved reiseverksemda. Det vil seia å bestilla eventuell mat, overnatting og billettar og liknande, og gje kasserar melding om utbetalingar knytt til dette.

Oppmannen utarbeidar også terminliste, saman med hovudtrenar/leiar og deltar på trenermøte.

Styremedlem D

Aleksander Hystad Ottesen

Aleksander.ottesen@gmail.com

TLF: 466 74 848

Styremedlem D forvaltar medlemsregister og har ved behovansvar for ventelister.

Styremedlem D skal innanfor gjeldande fristar, saman med leiar, senda søknad om spesielle tilskot /støtte.

Styremedlem D har saman med leiar ansvar for lisens.

Styremedlem E

Rebecca Hildebrandt-Paulin

Rebecca.Hildebrandt@hfk.no

TLF: 900 37 218

Styremedlem E er klubbansvarleg for barneidretten. I situasjonar der barna sine interesser ikkje blir ivaretekne skal ho kontaktast.

Styremedlem E skal er ansvarleg for symjeopplæring og skal vera styret sitt kontaktledd i samband med symjeskulen. Vedkommande sørgjer for instruktørar og koordinerer drift av symjeskulen, og tilhøyrande aktivitetar.

Utøvarrepresentant

Lovise Kjøpstad Rimmereide

Utøvarrepresentant blir valt av symjarane i satsingsgruppa. Utøvarrepresentanten har møterett, men ikkje møteplikt på styremøta. Vedkommande står fram for utøvarane sine interesser og skal informera utøvarane om styret sine vedtekter.

Utøvarrepresentanten har ikkje stemmerett.

Varamedlemmer

Varamedlem kan delta på styremøta for å halda seg orientert og for å fremja si meining. Etter avtale deltek varamedlem på styremøtet med stemmerett når ein av medlemma er forhindra i å delta.

Kasia Kasprzak

Oda Karin Nordfonn

Per Inge Eithun

Valkomit 

Valkomiteen skal v re valt p  siste  rsm te og rapporterer til og legger frem sitt forslag for  rsm tet.

Valkomiteens oppg ver er:

- F  oversikt - hva og hvordan arbeidet skal gjennomf res
- Hvem skal velges
- Hva er oppgavene til den som skal velges
- Tidsplan som stemmer med lovens krav
- Gi alle en mulighet til   komme med forslag

Formann – Gro  strem

Medlem – Iren Valvik

Medlem – Jostein Weiby

3. Trenarfunksjonar

Hjelpetrenarar:

Hjelpetrenarar er dei som hjelper til på bassengkanten og har som regel ikkje formell trenarkompetanse. Dei er underlagt gruppetrenar og følgjer opplegg lagt opp av denne. Denne gruppa er ei prioritert gruppe på kurs (BS-instruktør og livredning) og klubben er avhengige av nettopp desse.

Gruppetrenarar:

Gruppetrenarane er tildelt trenaransvar for ei gruppe symjarar. Det er klubben sin klare målsetnad at desse verv skal fyllast av personar med trenarkompetanse/-kurs. Det er også klubben si klare målsetning å kunna tilby interesserte vidareutdanning (trenar 1-kurs) for å auka nivået i klubben. Alle skal sjå til at nye medlemmer blir godt mottekne. Trenarane skal vidare føla ansvar for at klubben sitt medlemsregister er oppdatert. Dei må difor sørge for at alle nye medlemmer får utlevert og returnerer innmeldingsskjema så snart som mogeleg, og vidareformidlar dette til den ansvarlege for medlemsregistrering.

I forkant av stemne skal gruppetrenaren sørge for at aktuelle symjarar får informasjon om øvingar og melda dei samla vidare til stevne.stordsymjing@gmail.com for påmelding til stemnet.

Hovudtrenar med team:

Jan Kåre Fjeldstad

Geir Inge Rimmereide

Jim Steinsland

Styret i klubben skal egentleg utnemne ein hovudtrenar. På noverande tidspunkt lukkast det ikkje. Difor har styret valt som mellombels løysning eit felles trenarteam med ansvar for trenings og stemne-opplegg for Satsing.

Hovudtrenar jobbar også saman med leiar og oppmann i eit felles team der dei er hovudansvarleg for den sportslege drifta av klubben, som koordinering av treningsopplegg, stemnedeltaking, trenarkrefter, innkjøp og disponering av innkjøpt treningsutstyr/hjelpemateriell og liknande etter gitte rammer.

Andre hovudtrenar

Ronny Onarheim

Vedkomande har ansvar for trenings og stemne-opplegg for Mellomparti.

Instruktør:

Instruktørane har som oppgåve å instruera elevane på klubben sin symjeskule etter NSF`s Symjeskule prinsipp. Dei skal som hovudregel minimum ha BS-utdanning eller tilsvarande.

Hjelpeinstruktør:

Hjelpeinstruktøren skal støtta instruktøren under symjekurs og er underlagt denne. Nyutdanna frå BS-kurs må først praktisera som hjelpeinstruktør i 6 månader før vedkomande får gå inn som instruktør for eigne kurs og først etter at behovet for nye instruktørar har meldt seg.

4. Reglar, forventningar og åtferd

Trenarar

Den som er hovudtrenar har saman med gruppetrenar ansvar for at det er utarbeidd treningsprogram for vedkomande gruppe.

Utarbeidd program skal liggja i gruppa si mappe slik at reservetrenar kan steppa inn om nødvendig.

Dersom ein trenar ikkje kan stilla til avtalt trening, skal vedkomande skaffa erstatning eller underretta symjarane om forandring i opplegget.

Alle trenarar har ansvar for at symjarane overheld reglane i hallen.

Trenaren skal sjå til at alle i si gruppe har gått frå hallen før vedkomande sjølv går.

Vidare sjå til at det er ryddig i hallen etter si økt.

Symjarar

Alle skal møta opp ferdig dusja (med såpe), med badehette og symjebriller til fastsett treningstid.

Toalettbesøk skal som hovudregel gjerast før og etter trening.

Symjarane legg ut og tek inn banetau, i tillegg til å setja opp og ta ned vendeflagg.

Glassflasker er forbudt i hallen. Ein kan eta i hallen dersom trenaren har godkjent det (eting i hallen skal vera eit unnatak).

Pausetider under treninga skal overhaldast. Det skal vera ro i pausane. Når pausen er over skal symjarane ha utstyret i orden og vera klare til å halda fram treninga.

Ingen forlèt banen før treninga er ferdig. Unnatak skal avtalast med trenar.

Forlat hall, utstyrsrom og garderobar minst like ryddig som då de kom.

Det blir ikkje tilrådd å la verdisaker liggja i garderobane. Klubben har ikkje ansvar for kler eller verdisaker som blir borte under treningane. Symjarane bør ta med seg verdisaker inn i hallen eller låse dei inn i garderoben.

Foreldre

Klubben ønskjer engasjerte foreldre som er:

- Interesserte i borna sine aktivitetar, ofte er med borna på trening og stemner.
- Hjelper og oppmuntrer eigne og andre sine born.
- Er med på å skapa eit positivt miljø.
- Bidrar ved behov på aktivitetar, dugnader osv.

Mange av aktivitetane er basert på frivillig innsats, enten ved at me bidreg på stemner, i styrearbeid, stiller som lagleiarar eller hjelper trenaren ved behov for å leggja til rette for god og effektiv trening.

Stord si symjegruppe er avhengig av at foreldra bidreg med dugnadsarbeid i samband med klubben sine arrangement. Eksemplar på dugnader er:

- Sal av eventuelle varer/kalendere/loddbøker. Det vert forventa at avtalt antall vert seld og gjort opp for ved betaling. Foresatte har ansvaret for å hjelpe borna med at fristen for innlevering blir holden.
- Badevakter for Kværner sin velferdsklubb laurdagar og søndagar. Dette er ei viktig inntektskjelde for klubben. Foresatte til symjarar på Mellompartiet og Satsing blir sett opp som badevakter. Det er alltid 2 personar tilstades på kvar vakt, ein person med badevaktkurs og ein utan. Me oppmodar så mange foresatte som mogeleg å ta badevaktkurs (dette vert arrangert av klubben). Den enkelte må sjølv ta ansvar for å byte vakt dersom tidspunktet ikkje passar.
- Symjeklubben sitt årlige storstemne. Det vert forventa at foreldre set seg inn i dugnadslister som vert sendt ut, melder tilbake dersom vakter/oppgaver ikkje passar og utfører oppgåvene slik at deltakarar og publikum ønsker å koma tilbake.

Genrelle Spelereglar

- Respekter klubben sitt arbeid
- Engasjer deg, men hugs at det er borna som driv idrett – ikkje du
- Respekter trenaren, hans/hennar arbeid og anerkjenn han/ho overfor borna dine
- Lær borna folkeskikk. Gå føre som eit godt eksempel
- Lær borna å tåla både medgang og motgang
- Motiver borna til å vera positive på trening
- Vis god sportsånd og respekt for andre.
- Ved usemje snakkar du med den det gjeld – ikkje om vedkommande.
- Hugs at det viktigaste av alt er at borna trivst og har det gøy.
- Stord Symjing tilbyr eit godt og inkluderande idrettsmiljø som skapar glede, entusiasme, tilhøyra og utvikling. Det er viktig å utvikla seg saman med andre. Gjennom tryggleik og respekt for kvarandre gjer me kvarandre gode.
- I Stord Symjing er me stolte av klubben vår, ber Stord-logoen synleg, men hugs at det forpliktar! Me ønskjer å vera synlege på ein positiv måte.

Åtferd

Symjarane er klubben sitt ansikt ut og det er viktig at dei oppfører seg skikkeleg og høfleg. Me oppmodar alle symjarane våre til aktivt å fremja kameratskap i eigne rekkjer og blant konkurrentar.

Det blir gjort merksam på at alle har eit klart ansvar å halda leiarane orienterte om kvar dei til ein kvar tid oppheld seg. Dette skal overhaldast!

Ved opphald på skule eller annan overnattingsinstitusjon, gjeld vanleg orden og høflegheit, i tillegg til at tekniske innretningar (telefon, heis og liknande) ikkje blir brukt i tide og i utide, og berre når det er nødvendig.

Slik utviklar me eit godt miljø

- Me helsar på kvarandre når me møtest.
- Me gjev oppmuntring til alle – alle er ein del av same lag. Når éin lukkast, dreg han/ho dei andre med seg
- Me er opne og ærlege, og gjev og tek imot tilbakemeldingar.
- Me ler mykje, men først og fremst av oss sjølv!
- Me respekterer ordensreglane i avdelinga og hjelper kvarandre å rydda opp etter oss.
- Mobbing blir ikkje tolerert.
- I Stord Symjing utviklar me venskap.

5. Innmelding, utmelding og plikter

Medlemmer i Stord Symjing pliktar å følgja gjeldande lover og regler i klubben (ref. vedtekter og hallregler). Brot på desse kan føra til utestenging av kortare eller lengre tid.

Når ein møter opp i hallen første gong (helst med ein føreset) blir det utlevert eit innmeldingsskjema. Dette skjemaet skal fyllast ut med dei nødvendige data og returnerast snarast til éin av trenarane, eller direkte til den som er ansvarleg for medlemsregisteret. Det er viktig å merka seg at alle føresette også skal førast opp.

Medlemmer som blir borte frå trening utover tre veker utan å melda frå til trenar, risikerer å mista plassen i sin bane. Vedkomande får på ny plass dersom kapasiteten tillèt det.

Skulle det vera noko som er uklart kan ein kontakta trenaren eller ein av styremedlemmene.

Skulle det skje at kapasiteten er sprengt, blir nye medlemmer tekne inn etter nivå/venteliste. Ansvarleg for trenarar/medlemsregister avgjer opptak av nye medlemmer fortløpande saman med hovudtrenar, eller partitrenar.

Utmelding/overgangar skal skje skriftleg til styret (medlemsregister-ansvarleg) ved bruk av utmeldingsskjema. Mail adresse: epost.stordsymjing@gmail.com, merk epost med utmelding/overgang.

Munnlege beskjeder, beskjeder via sms eller via trener er ikkje å rekna som skriftleg utmelding.

Symjarar som står som medlem i klubben etter 31. august og /eller 15. januar kvart år, må betala kontingent for gjeldande halvår.

6. Personverns reglar – GDPR

Personvernserklæring for Stord Symjing finn du på heimesida [«link»](#)

7. Kontingentar

Det blir betalt kontingent for kvart halvår. Kontingent blir fastsett på årsmøte, avhengig av symjeparti.

Følgjande satsar gjeld:

- Minsteparti: 550 per ½ år
- Mellomparti: 700 per ½ år
- Satsingsparti: 850 per ½ år

Dersom to eller fleire er i same familie blir det gjeve 200 kroner rabatt for andre, tredje medlem osv.

Giro blir sendt ut i løpet av mars/oktober kvart år.

Medlemskontingent på 100 kroner blir innkrevja ein gang i året.

Som medlem i Stord Symjing er ein automatisk også medlem i Stord idrettslag – hovudlaget, fordi Stord Symjing er medlem av Stord idrettslag – allianseidrettslag. Kontingent for dette blir ekstra innkrevja ein gong kvart år (per dags dato 300 kr).

Kontingenten til hovudlaget - for trenar og styremedlemmer blir betalt av Stord Symjing.

Følgjande retningslinje er gjeldande for Stord Symjing:

Symjarar som står som medlem i klubben etter 31. august og /eller 15. januar kvart år, må betala kontingent for gjeldande halvår.

8. Organisering av partia for Stord Symjing

Kontaktinformasjon trenarar

Trenar merka med * på parti er primær kontaktperson

Måndag:

Mellom: Christel Hollund
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad / Stina Karlsen Heimnes

Tysdag:

Minste 1: Elin Moe Ese
Satsing: Jim Steinsland

Onsdag:

Mellom: Andrea Aadland og Mathilde Cruickshanks Wilhelmsen
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad / Frida Storetvedt Husebø

Torsdag:

Minste: Øyvind Løken
Johanne T. Malme / Aleksander Hystad Ottesen
Satsing: Geir Inge Rimmereide

Fredag:

Mellom: Ronny Onarheim
Satsing: Geir Inge Rimmereide

Laurdag:

Satsing: Eigentrening

Søndag

Satsing: Jim Steinsland

Trenar kontakter	Telefon	E-post	Parti
Johanne M. Thoresen	92605815	johannem@online.no	Minste torsdag *
Øyvind Løken	91677874	oyvind.loken@sklbb.no	Minste torsdag*
Ronny Onarheim	90756901	Ronny.onarheim@dnvgl.com	Mellom*
Jim Steinsland	41583326	Jim_Jhonsen@hotmail.com	Satsing
Elin Moe Ese			Minste tysdag *
Jan Kåre Fjeldstad	91689901	jkfjeld@gmail.com	Satsing *
Christel Hollund	98299367	christelhollund@hotmail.com	Mellom
Geir Inge Rimmereide	40408355	rimmereide@gmail.com	Satsing

9. Oversikt over treningstider

Oversikt over treningstider i Kulturhuset

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
17.00 - 19.00	15.00 - 17.00	15.00 - 17.00	15.00 - 17.00	15.00 - 17.00	14.00 – 16.00	18.00 – 20.00

Oversikt over treningstider på Nysæter

Tysdag 1730 -1840 – symjeskule

10. *Trenarforum*

Stad: Grupperom i Kulturhuset eller Idrettstova Vikahaugen

Antal: 4 gonger i året

Kven: Alle trenarane i Stord Symjing

Trenarforumet rapporterer til styret via formann.

11. *Reise på stemne*

Premiss

- Som ein hovudregel må utøvarar vera fylte 11 år før dei får dra på approberte stemne utanfor øya.
- Alle får delta på Stordstemnet, samt interne klubbstemne me set opp gjennom sesongen. Dette for å gje dei minste ei trygg og god tilnærming til symjing som konkurranseidrett.
- Alle som reiser på stemne må betala ein eigenandel.
 - 1 dags stemne: 300 kroner
 - 2 - dagars stemne: 400 kroner utan overnatting
600 kroner m/ 1 overnatting, skule/Montana
800 kroner m/ 2 overnatting, skule/ Montana
800 kroner m/ 1 overnatting hotell
 - Tre – dagars stemne: 1000 kroner
 - Søskenmoderasjon: 200 kroner (1 dags)
 - Søskenmoderasjon: 300 kroner (2 dagars utan overnatting)
 - Søskenmoderasjon: 400 kroner (2 dagars med overnatting skule)
600 kroner (2 dagars med overnatting hotell)
 - Søskenmoderasjon : 800 kroner (3 dagars)
- Kva inngår i eigenandelen:
 - Reise til og frå stemnet.
 - Overnatting
 - Middag / kveldsmat (ved overnatting)
- Kva må utøvar ha med på stemne:
 - Treningsklede og symjetøy

- Mat til mellommåltida
- Lommepengar

12. Lisens

Alle utøvarar som reiser på approbert stemne må løyse lisens i byrjinga av året før det første stemne dei deltek i. Dersom lisensen ikkje er betalt blir utøvarane ikkje påmelde. Ansvarleg gruppetrenar kontrollerer lisensen i samarbeid med leiar før påmeldinga.

13. Forsikring

Alle barn til og med 12 år som er medlem av en klubb som er tilslutta Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité er forsikra.

Gjensidige er ansvarlig for Barneidrettsforsikringen i NIF fra 01.01.2015.

Fra det året han/ho fyller 13, så kan utøveren betale lisens for å bli forsikra.

Ved innbetalt startlisens blir lisensinneholderen ulukkesforsikra i Gjensidige.

Lisensperioden følger kalenderåret – dvs. 1. januar – 31. desember.

Ver obs på skadeforsikringa som er inkludert i lisensen. Informasjon om forsikringane finn du her <https://svomming.no/forbundet/klubbdrift/organisasjon/forsikringer/>

14. Eigenandel og kva klubben dekkjer

Symjarar

På klubben sine egne stemne, her under klubb-, rekrutt- og opne stemner, blir startkontingenten i sin heilskap subsidiert av klubben.

Eigenandelar ved treningsleirar og andre samlingar blir avgjort i styret frå gong til gong.

Der klubben sine symjarar deltek på arrangement saman med andre klubbar skal det tilstrebast at symjarane blir gjevne omtrentleg same vilkår som for øvrige lokale deltakarar frå andre klubbar.

Symjarar som ønskjer det kan delta på stemner utanom klubben sine oppsett, etter godkjenning frå oppmann/trenar. Det krevst då at deltakaren ber hovudtyngda økonomisk. Klubben vil normalt berre dekkja delar av startkontingenten på slike stemne.

Lagleiarar/reiseleiarar

Som hovudregel skal symjarane alltid vera under leiing av oppnemnt lag- / reiseleiar. Ved stemnedeltaking som inkluderer reising, dekkjer klubben utgifter etter følgjande reglar:

1. *Hovudregel er alltid at utgiftene blir haldne lågast mogeleg. Det blir forventa nøktern standard. .*
2. *Kompensasjon for bruk av eigen bil er per no kr. 1,50 pr. k pluss bompengar, dette blir runda av for kvart stemne.*
3. *Overnatting blir dekt fullt ut. Klubben brukar, så sant det er mogeleg, skuleovernatting / Vandreheim. På større overnattingsstemne blir tilbod frå arrangør eller rimelegare alternativ brukt. Utgifter ut over dette blir berre unntaksvis dekt, og skal i alle fall godkjennast på førehand.*
4. *Klubben dekkjer kost ihht program/info for stemnet.*
5. *Reiseutgifter ikkje nemnt under punkt 2,3 og 4 blir normalt dekt fullt ut, så framt ein har følgd punkt 1.*
6. *Forøvrig blir berre dokumenterte utgifter dekt.*

Leiar(ar) skal sjå til at klubben sitt opplegg blir følgd, og rapporterer direkte til styret.

Leiar(ar) skal skriva reise- / stemnereferat med resultatliste(r) til webansvarleg umiddelbart etter reise/stemne.

Reiseleiar skriv reiserekning og leverer denne til oppmann så raskt som mogeleg etter at stemnet er avslutta.

Straffereaksjonar

Ved brot på klubben sitt reglement kan det koma på tale med straffereaksjonar.

Eventuell reaksjon blir bestemt av styret på bakgrunn av innhenta/mottekne opplysningar. Avgjerd blir fatta av styret, unnateke vedtak om ekskludering, kan ikkje ankast. Årsmøtet er ankeinstans ved ekskludering. Vedtak om ekskludering skal vedtakast av fulltaleg styre og ha minimum 2/3 av stemmene for å vera gyldig.

15. Terminliste for sesongen 2019/2020

Oppdatert terminliste finn du på heimesida til Stord Symjing
<http://stordsvomming.no/terminlister>

- Treningar melder inn til stevne.stordsymjing@gmail.com om kven som skal meldast på stemne.
- Ved behov må utøvarar skrive under på stemnekontrakt (sjå eige vedlegg) før dei dreg på stemne.

16. Livredningskurs

Det vert ved behov gjennomført livredningskurs for trenarar, instruktørar og andre vaksne i klubben (obligatorisk for trenarar og instruktørar).

17. Sosial årsplan

Aktivitet	Ansvar	Dato
Oppstartsleir		August/September
Julebasar	Styret	Desember
Sommaravslutning	Styret	Juni
Sosiale samlingar	Komité per gruppe	Etter avtale

Klubben har årleg budsjett for sosiale samlingar/aktivitetar. Dette blir organisert ved hjelp av foreldre som frivillig seier seg ansvarlege for å planleggja aktivitetar. Opplegget for aktivitetar er opp til gruppa, så lenge det er innanfor klubben sine reglar.

18. Utstyr for Stord Symjing

Utstyr	Skildring	Oppbevaring
Tidtakaranlegg	Boksar til plater Tidtakarboks Startarboks Koffert med kablar og koplingar	Kulturhuset
Tidtakarplater	7 stykk tidtakarplater	Kulturhuset
Omega tidtakarklokke	Tidtakarklokke med printfunksjon	Kulturhuset
Programvare tidtakaranlegg	Ares programvarepakke m/manual	Kan lastes ned frå nettet
"Fyrstehjelpsdukker"	Koffert med 6 stykk	Kulturhuset
Bag med stoppeklokker	Mange klokker	Kulturhuset
PC til Ares (tidtakaranlegg)	Berbar PC	Kulturhuset
PC til Victoria	Berbar PC	Kulturhuset
Printer	Epson	Kulturhuset

Gjeld for sesong 2019/2020

2 Skjermer til PCer		Kulturhuset
Merker symjeopplæring	Til Symjeskulen	Rebecca Hildebrandt - Paulin
Diverse teknikk utstyr	1 Finis Kick Pro 2 Finis Tech Toc 2 Finis Forearm Fulcrum paddles	Kulturhuset
4 Spegler	Spegler til bassengbunn for teknikk trening	Kulturhuset


19. Dommarar i Stord Symjing

- Ralf Teetzmann –dommarkontakt
- Tone Nygård
- Ståle Liset
- Anna Teetzmann
- Cordula Teetzmann
- Veslemøy Helland Nome
- Ulf Bloch
- Erling Osland
- Torfinn Tønnessen
- Britt Nelly Hystad Barane
- Oda Karin Nordfonn
- Elin Moe Ese

20. Vedlegg

Opptak skjema

Dato:



Utøver

Fornavn:		Fødselsdato:	
Etternavn:			
Adresse		Telefon:	
Gate:		Mobil:	
Postnr/ Sted:		E-post:	

Foresatt 1

Fornavn:		Telefon:	
Etternavn:		Mobil:	
Adresse:		E-post:	
Gate:			
Postnr/ Sted:			

Foresatt 2

Fornavn:		Telefon:	
Etternavn:		Mobil:	
Adresse:		E-post:	
Gate:			
Postnr/ Sted:			

Kan bilete av utøvar brukast på følgjande media? Kryss av for JA eller NEI.

JA NEI

Klubben si web side	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nyhetsbrev	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Aviser	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Facebook	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Gjeld for sesong 2019/2020

Dersom dei som skal i vera i bassenget har sjukdommar eller andre utfordringar av ein slik karakter at trenar/instruktør bør vera informert, kan ytterlegare informasjon til styret førast opp nedanfor.

Annan informasjon:

Alle informasjon blir behandla fortruleg.

Utfylt skjema skal sendast: epost.stordsymjing@gmail.com og kan leverast til trenar.

Ved spørsmål kan de ta kontakt på:

epost.stordsymjing@gmail.com og merkes med opptak skjema.

Aleksander Hystad Ottesen 466 74 848

Vanja Storetvedt 926 926 77

Utmeldingskjema

Namn : _____

Født: _____

Ønsker med dette å melda seg ut frå Stord Symjing.

Me er kjent med at

- utmeldinga må skje skriftleg
- sendast til medlemsregisteransvarleg styremedlem per mail, eller leverast til trenaren
- etter 31.8. / 15.1. kvart år må det betalast treningsavgift for gjeldande halvår.

Dato: _____

Stad: _____

Signatur _____

Person under 18 år treng underskrift frå minst éin av foreldra.